

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE-033	20/565

Saknr	Utval	Type	Dato
046/2020	Kommunestyret	PS	18.06.2020

## Høyringsuttale biosfæreprosjektet

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 046/2020

#### **KS - behandling:**

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre støtter opp om strategidokumentet som er utarbeida for Nordhordland biosfæreområde, eit modellområde for berekraftig utvikling. Masfjorden kommune ynskjer å vere ein aktiv samarbeidspartnar i dette arbeidet, og vil trekke fram 2 relevante innspel.

Vindkraftutbygging i fjellheimen i Masfjorden og resten av Nordhordland, er eit døme på eit globalt klimatiltak, men som lokalt i liten grad er bærekraftig i høve til identitet, til naturmangfald og til landskapsopplevingar som ramme for historia vår. Nordhordland Biosphereområde må vere eit modellområde for gode dømer på bærekraftige klimatiltak som ikkje strir med lokale verdier. Dette innspelet kan knytast til satsingsområde 2; natur, miljø og klima.

Ungdomsrådet har følgjande forslag, som kommunestyret støttar, til strategi 4, Grøn Verdiskaping, der det er ynskje om at samarbeidspartnarar i Biosphereområde, kan sette i gong eit pilotprosjekt for gjenvinning av syrekanner, plast og returavfall av driftsreiskapar i landbruket. Dette for å handtere ei stor utfordring for næringa, og i større grad kunne bli berekraftig.

Framlegg til vedtak frå Ap sett fram i møte vart samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

Masfjorden kommunestyre støtter opp om strategidokumentet som er utarbeida for Nordhordland biosfæreområde, eit modellområde for berekraftig utvikling. Masfjorden kommune

ynskjer å vere ein aktiv samarbeidspartnar i dette arbeidet, og vil trekke fram 2 relevante innspel.

Vindkraftutbygging i fjellheimen i Masfjorden og resten av Nordhordland, er eit døme på eit globalt klimatiltak, men som lokalt i liten grad er bærekraftig i høve til identitet, til naturmangfald og til landskapsopplevingar som ramme for historia vår. Nordhordland Biosphereområde må vere eit modellområde for gode dømer på bærekraftige klimatiltak som ikkje strir med lokale verdjar. Dette innspelet kan knytast til satsingsområde 2; natur, miljø og klima.

Ungdomsrådet har følgjande forslag, som kommunestyret støttar, til strategi 4, Grøn Verdiskaping, der det er ynskje om at samarbeidspartnarar i Biosphereområde, kan sette i gong eit pilotprosjekt for gjenvinning av syrekanner, plast og returavfall av driftsreiskapar i landbruket. Dette for å handtere ei stor utfordring for næringa, og i større grad kunne bli bærekraftig.